

Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: mandag 31. juli 2023 08:36
Til: Postmottak Alver
Kopi: rfurelid@yahoo.com
Emne: VS: Skogsvegar på Gausereide.

Fra: Reidar Leiv Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: søndag 30. juli 2023 20:20
Til: Mari Emilie Pettersen Hagenlund <mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no>
Emne: Skogsvegar på Gausereide.

Hei!

Etter det vi har fått oppgjøre skal de ta til i teneste (1.august 2023) for m.a. oss som ventar på at noko skjer i skogen!

Eg har no fylt 82 år og har freista få kommunale tenestefolk på bana vedkomande skogsvegar: Eksisterande og påtenkte! I **8 (åtte!) år** har det vorte å oppleve utruleg mykje tøv frå dei ein venta hjelp hos! Beklagar å måtta skriva det slik! Men eg vel ikkje å pakka noko inn!

Sende ein SMS til sjefen, Laila B. for ei tid sidan og purra på sakene. Til no: 0 svar. Kan de tenkjast eg er rimeleg skuffa?

Men no håpar eg på at noko kan skje!?

Det er rikeleg av epostar og andre meddelingar frå mi side til kommunal landbruksetat vedkomande desse sakene!

Siste "livsteikn" frå kommunen i sakene er at pensjonerte Nils Kaalaas skulle på bana og bli med på synfaring vedkomande den påtenkte "Sætreidvegen". Det skulle bli noko i mai,- så utsett og utsett og utsett !!!!

Då spør eg: Kor lenge skal ein gammal mann haldast for narr!?

Eg har no ein avtale med Lerøy Skog AS om synfaring i den aktuelle lia! Delar av skogen der er over hundre år! - Dag for synfaringa er ikkje fastsett. Tanken er at vi kanskje kan laga ei kjørbar råk frå god veg til skogen. Og laga den til utan tilskot! - Tenk om ein ansvarleg frå kommunen kunne vore med! (?) Og vi fekk vurdet sakene?!

Eg har medelt aktuelle personar i "systemet" at eg no må vurderer å møta på landbrukskontoret og bli der til konkrete lovnader om at nokon hender i sakene! Eg har rikeleg med ugjorde oppgåver,- men dette med skogen meiner eg det etterkvart faktisk hastar å få gjort noko med!

Kan eg håpa på snarleg svar?

Med vennleg helsing Reidar Furelid (Gard nr. 182/br.nr. 4)